

## **BRUKARUTVALET I HELSE MØRE OG ROMSDAL HF**

**Protokoll nr. 10/14**

**Møte 15.12.14.**

Tilstades: X

**Medlemmer:**

- X Karsten Aak, leiar
- Hanne-Lilian Søvik, nestleiar
- X Kåre Steinsvik
- X Hilde Marie Kleiven
- X Ingrid Løset
- X Ann Helene Skare
- X Torbjørn Vorpenes
- X Inger Nossen Sandvik
- X Jakob Strand
- X Helge Ristesund

**Varamedlemmer:**

- X Atle Tangen
- Daniel Ask
- Frank Johnny Svendsen
- Kjell Inge Skarbø
- Norunn Heggebakk Steinnes

**Administrasjonen:**

Konst. adm. direktør Dag Hårstad og kommunikasjonsdirektør Trine Kvalheim

**Andre:**

**Sekretariatet:**

Helse Møre og Romsdal HF v/konsulent Randi Spjelkavik Ramnefjell

**Fråvær:** Hanne-Lilian Søvik.

Møtet i Brukarutvalet for Helse Møre og Romsdal HF vart halde på Molde sjukehus, Sagbakken – Hus 2 og starta kl. 10.00.

Karsten Aak leia møtet og ønska alle velkomne, og gjekk igjennom sakslista.

Endring i saksliste:

Brukarutvalet for Helse Møre og Romsdal HF behandla følgjande saker:

**BU 2014/71      Godkjenning av innkalling og sakliste  
underskrift av protokoll nr. 09/14 frå møte 19.11.14.**

Innstilling:

Brukarutvalet for Helse Møre og Romsdal HF godkjenner innkalling og sakliste til møte 15.12.14.

Vedtak:

Brukarutvalet for Helse Møre og Romsdal HF godkjenner innkallinga og sakliste til møtet 15.12.14.

Protokoll nr. 09/14 som vart godkjent i møte 19.11.14., vart underskriven av brukarrepresentantane.

**BU 2014/72      Orienteringssaker**

Innstilling:

Brukarutvalet for Helse Møre og Romsdal HF, tek orienteringssakane til vitande.

Protokoll:

Ingrid Løset er valt som vararepresentant for Hanne-Lilian Søvik til styremøte 17.12.14.

Øvrige orienteringssakar vert utsatt til neste møte i Brukarutvalet Helse Møre og Romsdal.

Vedtak:

Ingrid Løset er valt som vararepresentant for Hanne-Lilian Søvik til styremøte 17.12.14.

Øvrige orienteringssakar vert utsatt til neste møte i Brukarutvalet Helse Møre og Romsdal.

**BU 2014/73      Orientering om saker til styremøte 21.11.14.**

Innstilling:

Ass. direktør Helge Ristesund orienterte om styresaka som skal behandlas i styret for Helse Møre og Romsdal HF i møte 17.12.14.

Vedtak:

Brukarutvalet for Helse Møre og Romsdal HF, tek styresaka som blir lagt fram for behandling i styret for Helse Møre og Romsdal HF i møte 17.12.14, til vitande.

**BU 2014/74 Idéfase – Sjukehuset i Nordmøre og Romsdal (SNR) (styresak 2014/90)**

Innstilling:

Vedlagt følgjer styresak 2014/90 – Idéfase – Sjukehuset i Nordmøre og Romsdal (SNR).

Styret skal behandle saka i styremøte 17.12.2014.

Protokoll:

Brukarutvalet er tydelege på at innhaldet og kvaliteten på tenestane i det nye sjukehuset i Nordmøre og Romsdal (SNR), er viktigare enn nærleik til sjukehuset. For brukarutvalet handlar dette ikkje om politikk, men om å sikre eit best mogleg kvalitativt sjukehusstilbod for pasientar og brukarar i Nordmøre og Romsdal. Brukarutvalet har i heile denne prosessen vore opptekne av eit robust fagmiljø, kvalitet ved tilbodet og rekruttering av fagpersonell. Med bakgrunn i dette ynskjer ikkje brukarutvalet å peike på eit av dei framlagde tomtevala.

Brukarutvalet ser at det er store økonomiske utfordringar i drifta framover, og forutset at det ligg økonomisk bereemne til grunn for vidare planar for nytt sjukehus. Dette må på ingen måte gå på bekostning av tilboda til brukar og pasient.

Brukarutvalet meiner at utgreiinga i saksdokumenta som skal leggst til grunn for avgjerda, er godt utgreia under leiing av avgått direktør. Brukarutvalet oppmodar difor styret til å ta avgjerd i saka den 17.12.2014.

Dersom tomtevalet nok ein gong skulle bli utsett, vil det gjere situasjonen for brukarar, pasientar og tilsette usikker og utrygg i tida framover. I verste fall kan det føre til at nytt sjukhus for Nordmøre og Romsdal blir ytterlegare utsatt og dermed ikkje ferdigstilt som planlagt til 2021.

Frå brukarutvalet sin ståstad er det viktig at det no blir oppslutnad og semje om vedtaket, slik at det ikkje blir ein omkamp som kan sette heile sjukhuset i spel og kan føre til flukt av fagkompetanse frå Helse Møre og Romsdal.

Brukarutvalet oppmodar Helse Møre og Romsdal og Helse Midt-Norge om å arbeidet for at det må etablerast eit lokalt medisinsk senter med poliklinisk spesialisthelseteneste i den byen som ikkje får bynært akuttsjukehus, så snart som råd.

Brukarutvalet Helse Møre og Romsdal HF forutsett at status for Ålesund sjukehus som er gitt av Helse Midt-Norge som nr. 2 sjukehus, i regionen blir opprettholdt.

Vedtak:

Brukarutvalet er tydelege på at innhaldet og kvaliteten på tenestane i det nye sjukehuset i Nordmøre og Romsdal (SNR), er viktigare enn nærleik til sjukehuset. For brukarutvalet handlar dette ikkje om politikk, men om å sikre eit best mogleg kvalitativt sjukehusstilbod for pasientar og brukarar i Nordmøre og Romsdal. Brukarutvalet har i heile denne prosessen vore opptekne av eit robust fagmiljø, kvalitet ved tilbodet og rekruttering av fagpersonell. Med bakgrunn i dette ynskjer ikkje brukarutvalet å peike på eit av dei framlagde tomtevala.

Brukarutvalet ser at det er store økonomiske utfordringar i drifta framover, og forutset at det ligg økonomisk bereemne til grunn for vidare planar for nytt sjukehus. Dette må på ingen måte gå på bekostning av tilboda til brukar og pasient.

Brukarutvalet meiner at utgreiinga i saksdokumenta som skal leggst til grunn for avgjerda, er godt utgreia under leiing av avgått direktør. Brukarutvalet oppmodar difor styret til å ta avgjerd i saka den 17.12.2014.

Dersom tomtevalet nok ein gong skulle bli utsett, vil det gjere situasjonen for brukarar, pasientar og tilsette usikker og utrygg i tida framover. I verste fall kan det føre til at nytt sjukhus for Nordmøre og Romsdal blir ytterlegare utsatt og dermed ikkje ferdigstilt som planlagt til 2021.

Frå brukarutvalet sin ståstad er det viktig at det no blir oppslutnad og semje om vedtaket, slik at det ikkje blir ein omkamp som kan sette heile sjukhuset i spel og kan føre til flukt av fagkompetanse frå Helse Møre og Romsdal.

Brukarutvalet oppmodar Helse Møre og Romsdal og Helse Midt-Norge om å arbeidet for at det må etablerast eit lokalt medisinsk senter med poliklinisk spesialisthelseteneste i den byen som ikkje får bynært akuttsjukehus, så snart som råd.

Brukarutvalet Helse Møre og Romsdal HF forutsett at status for Ålesund sjukehus som er gitt av Helse Midt-Norge som nr. 2 sjukehus, i regionen blir opprettholdt.

**BU 2014/75      Eventuelt**

Ingen sakar under eventuelt

**BU 2014/76      Godkjenning av protokoll nr. 10/14 frå møte 15.12.14.**Innstilling:

Brukarutvalet for Helse Møre og Romsdal HF godkjenner protokoll nr. 10/14 frå møte 15.12.14.

Vedtak:

Brukarutvalet for Helse Møre og Romsdal HF godkjenner protokoll nr. 10/14  
frå møte 15.12.14.

Møtet slutt kl. 13:45

Ingrid Løset

Hilde Marie Kleiven

Kåre Steinsvik

Jakob Strand

Ann Helen Skare

Torbjørn Vorpenes

Inger Nossen Sandvik

Atle Tangen

Karsten Aak